



# Vel nynorsk for barnet ditt!

10 elevar er nok til å få ein eigen  
NYNORSKKLASSE på skulen til  
barnet ditt.



# Alle elevar skal lære bokmål og nynorsk. Lat barnet ditt få gjere det på den lettaste måten.

## Kva er ein nynorskklasse?

Dersom foreldra ynskjer det, kan alle skular i landet tilby nynorskundervisning frå 1. klasse. Om foreldra til minst 10 av borna vel nynorsk som opplæringsspråk, blir det oppretta ein nynorskklasse på skulen der barnet ditt skal gå. Sjølv om barnet ditt skal gå på ein bokmålsskule, er det likevel fullt mogleg å velje nynorsk som opplæringsspråk.

Du kan etter opplæringslova få nynorskklasse på alle årsstega på barnesteget, ikkje berre frå 1. trinn. Innskrivinga er altså ikkje siste frist for å velje nynorsk. Skulen opprettar nynorskklasse dersom foreldra til 10 elevar eller fleire bed om det.

## Korleis fungerer det?

Ein nynorskklasse er ein heilt vanleg parallellklasse der opplæringsmålet er nynorsk, medan bokmål er det vanlege for resten av skulen. Nynorskklassen har nett den same undervisninga i alle fag som bokmålsklassane, bortsett frå at all undervisning er på nynorsk. Lærebøkene er like eins, innhal- det akkurat det same, alt er likt – berre det at alt er på nynorsk. Det er og har vore nynorsk- klassar i mellom anna Tromsø, Mosjøen, Trondheim, Ålesund, Bergen, Haugesund, Stavanger, Sandnes og Oslo.

### **Kvifor nynorskklasse?**

- Elevane lærer nynorsk og bokmål like bra.
- Elevane har større sjanse til å bli flinke i språk.
- Elevane får jamt høgare gjennomsnittskarakter i sidemål.
- Elevane lærer eit språk som byggjer på heile den norske språkarven.

### **Like lett å lære**

Born i alderen 4 til 8 år kan lære nesten kva språk som helst. Dei har ei utruleg evne til å lære språk. For borna er det like lett å lære nynorsk som å lære bokmål.

### **Slik går du fram**

Ved innskrivinga skal du krysse av kva opplæringsmål barnet ditt skal ha. Du kan òg melde frå til skulen seinare. Spør andre foreldre om dei vil vere med på å få til nynorskklasse. Kanskje er det fleire som ynskjer nynorsk på naboskulane? Desse kan då gå saman i ein nynorskklasse ved den skulen foreldra blir samde om.



# Det har aldri vore meir nynorsk i Noreg enn i dag.

## Kvifor nynorsk?

Nynorsken og dialektane er det viktigaste tilskotet vårt til det globale mangfaldet. Noreg har aldri vore eit språkleg og kulturelt einsarta land, og bokmål og nynorsk har ulike historiske og språklege opphav. I dag er dei to språka uttrykk for to ulike kulturtradisjonar.

## Aldri vore lettare å vere nynorskelev

Det har aldri vore meir nynorsk i Noreg enn i dag. Meir enn ein halv million reknar det som sitt språk. Vi skriv mykje, mykje meir no enn før. Born og unge badar også i språk og kulturuttrykk frå heile verda. Derfor er borna vane med språkleg variasjon og derfor er born og unge i dag langt mindre negative til eit fleirspråkleg Noreg enn før. Derfor er det lettare enn nokon gong å vere nynorskelev i skulen.

## Lettare for elevane

Alle elevar i norsk skule skal lære å skrive både nynorsk og bokmål. Borna lærer seg bokmål via fjernsyn, radio og andre medium. Nynorsk møter dei sjeldnare. Derfor er det viktig at nynorskundervisninga på skulen er god. Med nynorsk som hovudmål er elevane sikra gode kunnskaper i både bokmål og nynorsk.

## Dei som kan begge skriftspråka står sterkare

I arbeidslivet er konkurransen om jobbane hard. Samfunnet blir meir og meir skriftbasert, og i stadig fleire yrke krevst det at vi skriv godt. Oftare enn mange trur, krevst det at du kan skrive både bokmål og nynorsk godt. Folk som kan begge skriftmåla, blir ofte valde i det offentlege, i det private næringslivet, i aviser, radio, fjernsyn og ei rad andre yrke.

## – Gir borna større språkleg medvit

Sigrød Kleiva Gramstad og Malin Hæggkvist Wallin kjem frå Oslo og gjekk i nynorskklasse på Sagene skole.

*De kjem frå Oslo og snakkar oslomål. Var det ikkje litt unaturleg å lære nynorsk som fyrste opplæringspråk?*

– Vi trur ikkje det er noko som er unaturleg ved å lære eit skriftspråk på barneskulen. Som barn lærer du det du lærer, og vi fekk lære eitt av dei norske skriftspråka. Nynorsk gir dessutan stor valfridom til å skape ein eigen skrivestil, same om du snakkar oslomål eller nordnorsk.

*De lærte nynorsk som hovudmål. Korleis gjekk det med å lære bokmål?*

– Det gjekk veldig greitt. Ein får på mange måtar to språk gratis ved å ha nynorsk som hovudmål – bokmål lærer ein av media, og nynorsk lærer ein på skulen.

*Då de gjekk over til ungdomsskulen, var det då ein fordel eller ei ulempe å ha gått i nynorskklasse på barneskulen?*

Sigrød: – Det var ein fordel! Då kom jo sidemålet opp, og gjekk leikande lett for oss som kunne begge frå før og trong lite undervisning, medan dei andre hadde haldningane som hindra dei å lære nynorsk lett. Det var definitivt ein fordel å ha nynorsk som hovudmål.

Malin: – Ein ting som eg forstod i løpet av ungdomsskulen, var at ein ikkje skal tru på rykte om kva som er lett eller vanskeleg. Vi er så ulike på slikt.

*Ofte blir det sagt at vi ikkje får bruk for nynorsk etter skulen. Har du fått bruk for det etter skulen?*

Malin: – Her har Sigrød og eg gått ulike vegar. Ho skriv



*Sigrid Kleiva Gramstad og Malin Häggkvist Wallin (Foto: Erik Grov)*

nynorsk til vanleg, medan eg skriv bokmål. Det handlar om kva som kjennest bra for kvar og ein. For meg er det i alle fall godt å vite at eg ikkje vil ha noko problem med å få jobb på grunn av skrøpelege norsk-kunnskapar.

Sigrid: – Eg tør også å påstå at det å gå i nynorskklasse kan gi borna større medvit rundt

språk, både sitt eige språk og andres språk. Dette kan gjere det lettare å lære seg nye språk når den tid kjem.

*Vil de rå foreldre til å velje nynorsk som fyrste opplæringsmål?*

– Absolutt ja. Det er berre ein styrke.

Vil du vite meir?

## NYNORSKKLASSE.NO

Der finn du mykje informasjon om korleis du kan arbeide for å få til klasse, om kva reglar som finst, om erfaringar som både elevar og foreldre har.

Du kan òg ringje Noregs Mållag på tlf 23 00 29 30 eller sende e-post til [nm@nm.no](mailto:nm@nm.no).



LILLETORGET 1 | 0184 OSLO  
TLF: 23002930 | E-POST: [NM@NM.NO](mailto:nm@nm.no)

